



Den mest sårbare arten er *Molendoa Warburgii*.

Uskedelingen Oddbjørn Kroka (Kroka Energi AS) har ikkje fått medhald av NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) på klagen over det er vedteke konsesjonsplikt for Kroka 2 småkraftverk i Krokaelva i Mauranger.

NVE meiner at ein utbyggjing vil vera i konflikt med forekomsten av raudlista moseartar og opprettheld vedtaket sitt om konsesjonsplikt..

Derfor sendes saken til Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd.

NVE meiner at planane om byggjing av småkraftverket berører allmenne interesser i så stor grad at det er konsesjonspliktig og at det i klagen ikkje har kome fram nye momentar av slik art at det gjev grunnlag for å endra vedtaket.

Saka gjeld forekomst av to raudlista moseartar og særleg arten *Molendoa Warburgii* med status sårbar.

Spørsmålet er om artane vil tåla endra fuktighettilhøve som fylgje av ein utbyggjing med framføring av vatn.

Den andre arten, *Pohlia flexuosa*, er ikkje tillagt same vekt då den i dag er inne i raudlista

grunna datamangel. Det er tidlegare etablert eit minikraftverk nederst på strekninga der det nye kraftverket er planlagt.

I dette kraftverket blir de nederste 130 meter av det fallet som skal utnyttast i Kroka 2 utnytta og det er her raudlistearter er påvist.

Forekomsten av artane var ikkje kjende då NVE vedtok at etablering av minikraftverket ikkje er konsesjonspliktig.

NVE meiner at naturmangfaldet kan bli vesentleg skada gjennom at ein raudlisteart som er kategorisert som sårbar kan forsvinne frå området.

Av Ola Matti Mathisen